



Vedtekter for barnehagane i Askvoll kommune

**Godkjent i kommunestyret for Askvoll kommune
13.12.23. Gjeldande f.o.m. 01.01.24.**

Vedtekter for barnehagane i Askvoll kommune

1. ORGANISERING ADMINISTRASJON

Undervisningsutvalet er det overordna styringsorganet og rådmannen har det administrative ansvaret for barnehagane.

Askvoll kommune eig og driv:

- Bulandet barnehage
- Nipa barnehage
- Røverompa barnehage
- Holmedal barnehage
- Gjelsvik barnehage

Dei kommunale vedtektene gjeld i desse barnehagane. Kvar barnehage kan lage utfyllande vedtekter tilpassa barnehagen sitt behov. Desse vert godkjende i samarbeidsutvalet.

2. LOV OG REGELVERK

Barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med tilhøyrande føreskrifter, kommunale vedtak, plan for den einskilde barnehage og anna lover og føreskrifter som regulerer drifta.

3. FØREMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

4. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre samarbeidet med heimen til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av alle barna sine foreldre/føresette og skal fremje deira fellesinteresser og medverke til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet er samansett av to representantar for foreldrerådet, to for dei tilsette og ein for eigar (vald av kommunestyret). Styrar er sakshandsamar/sekretær for utvalet. Der barnehage og skule har felles administrasjon, er det felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

5. INNHALD

Lov om barnehagar §2 om innhaldet i barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal støtte heimane i deira omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn.

Rammeplanen seier mellom anna at barnehagen skal sjå omsorg og oppseding, leik, læring og sosial og språkleg kompetanse i ein samanheng. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barnet er medskapar av sin eigen kultur. Alt dette er ein del av innhaldet i barnehagen, og ein må sjå på det som ein del av ein samannvoven og kompleks heilskap. Innhaldet er delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Lov om barnehagen § 2 seier og:

«Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten».

6. OPPTAK TIL BARNEHAGE

a) Samordna opptak til barnehagane

I Askvoll kommune er det samordna opptak som omfattar alle barnehagar i kommunen.

Det er eitt hovudopptak om våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptaket er 1. mars. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett.

Tildeling av plassar ved hovudopptak vert gjort i mars/april. Nye søknader som kjem inn etter fristen for hovudopptaket, vert registrert på venteliste etter dei som har rett til barnehageplass med bakgrunn i søknad i hovudopptaket.

Etter at hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter barnehagelova har fått plass, har vi kontinuerleg opptak og nye søknader vert registrert og handsama fortløpande. Slike søknader vert behandla tidlegast 3 månader før ønska oppstart.

b) Opptaksmynde

Styrrar i den enkelte barnehage har delegert opptaksmynde. Før endeleg vedtak skal styrrar innhente rådgjevande uttalar frå aktuelle faginstansar.

c) Klage på opptak

Klagenemnda er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast rådmannen v/oppvekstsjefen og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

d) Opptaksperiode

Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunktet som står på tildelingsbrevet, og plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet tek til i skulen.

7. OPPTAKSKRITERIA TIL KOMMUNAL BARNEHAGEPLASS

Kommunal barnehageplass i Askvoll føreset at barnet er busett i kommunen ved oppstart. Søkjarar frå andre kommunar kan bli tildelt plass dersom det er ledige plassar. Følgjande kriterie gjeld om grunnlag for opptaket, **prioritert rekkefølge**:

1. Barn som etter sakkunnig vurdering har førerrett på grunn av funksjonshemming og barn med vedtak etter lov om barnevernstenester. (jfr. Barnehagelova §13)
2. Barn med særleg trong for barnehageplass p.g.a sosiale, helsemessige eller andre spesielle tilhøve i heimen.
3. Barn frå flyktningfamilier og barn frå familier der begge foreldre er famandspråklege
4. Førskulebarn (5-åringar)
5. Barn som har plass i barnehage og som ønskjer å endre opphaldstid og/eller barnehage.
6. Barn til einsleg forsyttar under utdanning, i arbeid eller under attføring
7. Søsken har prioritet på ledig plass i same barnehage.
8. Opptak etter alder.

8. RETNINGSLINJER FOR ENDRING AV OPPHALDSTID/BYTE AV BARNEHAGE

Barn som er tildelt kommunal barnehageplass har førerrett til auke av opphaldstid når dei har begynt i barnehagen, dersom det etter styrrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogeleg innafør dei ressursane barnehagen rår over.

9. OPPSEIING OG PERMISJON

Oppseiing av barnehageplass skal vere skriftleg og sendast til barnehagen. Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 månad frå den dato det vert gjeve skriftleg melding. Foreldre/føresette må betale for oppseiingsmånaden og kan sjølvstilt nytte plassen ut månaden. Foreldre som seier opp eller reduserer barnehageplassen etter 1. mars, må betale som før 1. mars ut barnehageåret. Ved særlege høve kan det gjerast unntak frå regelen. Det vert til vanleg ikkje gjeve permisjon frå ein tildelt plass utover vanleg fråvere/ferie.

10. REGLAR FOR FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset betalingsssatsar og reglar for søskenmoderasjon i samsvar med gjeldande føresegner.

Det må betalast for 11 månader i året. Det er betalingsfri i juli.

Foreldre/føresette som hentar barna for seint, må betale for personalet si overtid etter vedtekne reglar.

Om foreldre/føresette let vere å betale i meir enn 2 månader, har oppvekstsjefen mynde til å seie opp plassen. Oppseiingstida er sett til 1 månad.

Ekstra dagar:

Ekstra dagar kan kjøpast dersom barnet har deltids plass i barnehagen. Sats: ordinær barnehagebetaling x 8,5%.

Kompensasjon for stengt barnehagedag:

Ved uventa hendingar som fører til stenging av barnehagen i meir enn halv dag skal det kompenseras for full barnehagedag. Sats: ordinær barnehagebetaling x 5%.

11. OPPHALDSTID OG FERIE

Dei kommunale barnehagane gjev eit tilbod om opphaldstid på 9 timar pr. dag frå 2 til 5 dagar pr. veke. Barnehagane er stengde på offentlege helge- og høgtdisdagar, jul- og nyttårsafta, etter kl 12 onsdag før skjærtorsdag, og 3 veker om sommaren dersom barnehagen ikkje har sommarope. I løpet av året er barnehagane stengde i inntil 5 dagar for planleggingsføremål. Barnehagane lagar plan for opningsdagar i barnehageåret. Planen skal godkjennast som ein del av årsplanen.

Alle barna skal ha 4 veker ferie i barnehageåret. Av desse skal 3 veker takast samanhengande i løpet av skuleferieperioden.

12. AREALUTNYTTING

Følgjande arealnormer gjeld for kommunale barnehagar:

5,3 kvm pr. barn 1 – 3 år

4,0 kvm pr. barn 3 – 5 år

13. PEDAGOGISK BEMANNING

Barnehagen skal ha minimum ein pedagogisk leiar pr. 14 når barna er over 3 år og pr. 7 barn når barna er under 3 år, eininga sett under eitt. Barna vert rekna for å vere over 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år.

14. INTERNKONTROLL

Lov om barnehagar krev at alle barnehageeigarar skal ha internkontroll for å sikre at krava i Lov om barnehagar vert følgd. Kommunale barnehagar har internkontrollsystem i samsvar med Askvoll kommune sitt internkontrollsystem.

15. REVISJON

Vedtektene skal reviderast kvart 5.år